



Arkivnr: 2018/16480-36

Saksbehandlar: Marielle Solheim

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		17.01.2019

### Møte med administrasjonen - medverknadsorgana sin moglegheit til å påverke samanslåingsprosessen

#### Samandrag

På møte i fellesnemnda 18. desember 2017 vart det vedteke å gje fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar. I møte i fellesnemnda 19. desember 2018 la prosjektleiar fram sak (PS 58/18) med nærmere skildring av innhald, prosess og framdrift for fastsetjing av reglement for folkevalde organ. Det neste møtet i fellesnemnda sitt arbeidsutval er 4. februar 2019, og det er viktig for administrasjonen at påverknadsorgana får kome med sine innspel til reglementet i forkant av møtet.

Administrasjonen har difor kalla inn til møte mellom administrasjonen og medverknadsorgana i Hordaland (fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommens fylkesting). Møtet vil finne stad på Fylkeshuset 21. januar 2019. Tilsvarande møte vil verte haldt i Sogn og Fjordane.

På møtet vil gjeldande reglement for medverknadsorgana både for Hordaland fylke og Sogn og Fjordane fylke verte gjennomgått. Deretter ynskjer administrasjonen å få innspel frå medverknadsorgana på kva som er bra med dagens reglement og kva som kan forbetra. Det vil og vere mogleg å sende inn skriftlege innspel etter møtet (innan ein gitt frist).

Innspela vil verte utarbeida til eit notat som vil verte innarbeida i ei politisk sak som vil verte handsama på møtet i fellesnemnda sitt arbeidsutval 4. februar.

Fylkeseldrerådet vert bedne om å ta stilling til kva tema og punkt dei ynskjer å lyfte fram i møtet med administrasjonen.

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*